



Løn – og arbeidsvilkår

Til: Barbro Longva, Bodil Margret Rørvik, HTV 2, May Brith Melheim, HTV, Tone Kristin Smørdal, HTV

Kopi til: Heidi Munch Starheim

Vår sakshandsamar:
Heidi Kroken Bruland

Vår ref:
24/19013

Dato:
30.04.2024

Kompensasjon for ekstra helg i årsarbeidsplan i Stad kommune

Det vart den 25.04.2024 gjennomført drøftingar mellom Stad kommune og fagorganisasjonane Fagforbundet, Utdanningsforbundet, FO og NSF etter hovudtariffavtalen kap. 1 pkt. 5.2.

Med bakgrunn i drøftingane har arbeidsgjevar vedteke å gje ekstra kompensasjon til alle fast tilsette i turnus i 50 % stilling eller meir som har inngått avtale med einingsleiar om å arbeide inntil åtte ekstra helgar i årsarbeidsplan. Reglane gjeld også tilsette som har vikariat i heile årsplanperioden. I eininga Interkommunale helsetenester gjeld kompensasjonen også for faste sjukepleiarar som har mindre enn 50 % stilling.

Tilsette som inngår avtale om ekstra helg vert godtgjort med eit tillegg på timeløn med 120 %, i tillegg til løn for helg, kveld og vakt etter oppsett årsarbeidsplan. Dette kjem i tillegg til løn for vakter etter oppsett turnusplan. Helg er definert å vere frå kl. 00.00 laurdag til kl. 24.00 søndag.


For nattevaktene vil tilleggga starte ved vaktstart fredag kveld, og vare til vaktslutt måndag morgon.

Målet med kompensasjon for ekstra helg i årsarbeidsplanen er å auke kontinuiteten og kvaliteten i tenesteytinga og medverke til at fleire får auka stillingsprosent i Stad kommune.

Einingsleiar har mynde til å inngå avtale etter drøfting med plasstillitsvald ut frå behovet for kompetanse. Godtgjersle vert utbetalt månaden etter at ekstrahelga er arbeidd. Kompensasjonen vert ikkje utbetalt dersom tilsette ikkje arbeider avtalte ekstrahelg. Dei personlege avtalene skal vere signerte før årsarbeidsplanen startar. «Personleg avtale om kompensasjon for ekstra helg i årsarbeidsplan i Stad kommune» ligg i Compilo.

Når arbeidsgjevar gjer endring i årsarbeidsplanen i løpet av perioden, skal arbeidstakar behalde kompensasjonen ut frå signert personleg avtale om kompensasjon for ekstra helg i årsarbeidsplan i Stad kommune.

Nordfjordeid, 30.04.2024



Barbro Longva
Kommunalsjef